

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
123/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

## **Søknad til Næringsfondet 2021. Mundal Båt AS - Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering* blir tildelt kr 400 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

### **Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:**

#### **Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **ND- 123/21 Vedtak:**

Prosjektet *Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering* blir tildelt kr 400 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

#### **Bakgrunn**

Prosjektet *Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering* blir tildelt kr 400 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Saksopplysningar:**

Mundal Båt AS er produsent av fiske og servicefartøy. Verksemda har levert 97 bygg sidan 1981. Dei er etablert i Storsandvik på Radøy og bygger sine fartøy i sin heilskap der.

Dei bygger båter opptil 50 m i komposittmateriale.

Fartøya blir designa og tegna av Maritime Engineering AS som er etablert i Knarvik.

#### **Om prosjektet**

Mundal Båt AS er i gang med ei satsing på ei rekke hybrid/ elektriske fiskefartøy mellom 11 og 33 m som dei skal selge som miljøvennlige løysningar til fiskerinæringa. Hybridfartøya kan gå på tradisjonell motorisering eller rein el drift.

Prosjektet krever samarbeid mellom fleire aktørar i Alver. Prosjektet skal fange om design, 3D modellering, samt visualisering.

#### **Eigar av prosjektet / deltakerar i prosjektet i tillegg til støttemottakar**

Mundal Båt AS er eigar av prosjektet.

Maritime Engineering AS er deltakar i prosjektet.

Industriutvikling Vest AS er deltakar i prosjektet.

#### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Med prosjektet ønsker Mundal Båt AS å etablere berekraftig produksjon av hybrid og rene elektriske fartøy i

Alver / Storsandvik.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering	1 980 000 over to år	700 000 over to år	400 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemd og arbeidsplassutvikling i Alver kommune, stimulerer til berekraftig utvikling og styrkar næringslivet i arbeidet med ny teknologi, omstilling, samarbeid, innovasjon og entreprenørskap.

**Vedlegg i saken:**

03.11.2021	Mundal båt, søknadsskjema	1635098
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 1	1635099
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 2	1635100
03.11.2021	Mundal båt vedlegg 3 (003)	1635605
02.11.2021	Mundal båt, vedlegg 4	1635101